Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 20.03.2026
Vår ref: 2019/1779
Dykkar dato:
Dykkar ref:

NORVA24 VEST AS
Sløvågen 16
5960 DALSØYRA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

Unntatt off., Offentleglova §13

Rapport etter tilsyn hos Norva24 Vest AS avd Sløvåg 22. oktober 2025
Kontrollnummer: 2025.297.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 22. oktober 2025 hos Norva24 Vest AS avd Sløvåg (organisasjonsnummer: 974157004). Rapporten inneheld opplysningar om kundeforhold vi har derfor unnateke rapporten offentlighet. Ein versjon av rapporten der kundeopplysningane er skjult vil bli sendt til Gulen kommune og Masfjorden kommune. Denne versjonen vil vere offentleg og vil bli lagt ut på nettsida Norske Utslipp.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har levert ut kompost utan tilstrekkeleg dokumentasjon og i strid med regelverk

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1.

Norva24 Vest AS avd Sløvåg må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 15. mai2026. Gjennomføring av tiltaka vil bli følgd opp med nytt tilsyn.

De må sende inn opplysningar
Statsforvaltaren pålegg Norva24 Vest AS avd Sløvåg å sende inn opplysningar. Sjå Vedtak 1: Pålegg om opplysningar.

De kan få tvangsmulkt om ikkje opplysningar blir sendt inn
Statsforvaltaren varslar at vi vil vedta tvangsmulkt dersom vi ikkje mottar ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar innan gitt frist.

De kan bli pålagde å gjennomføre undersøkelser
Statsforvaltaren varslar at Norva24 Vest AS avd Sløvåg kan bli pålagt å gjennomføre følgjande vedtak:

1. Varsel om vedtak 1: Pålegg om undersøkingar

De vil bli pålagt å betale eit gebyr
Statsforvaltaren varslar at Norva24 Vest AS avd Sløvåg må betale eit gebyr på 53 800 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post
Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2019/1779.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
Avvik 1: Verksemda har levert ut kompost utan tilstrekkeleg dokumentasjon og i strid med regelverk

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Forureiningslova § 7 (plikt til å unngå forureining).
- Forureiningslova § 32 (handtering av næringsavfall).
- Vilkår 3.7.3 i løyvet, som krev at vidarelevering og bruk av kompost skal skje innanfor rammene av forureiningslova og gjødselvareforskrifta.
- Internkontrollforskrifta § 5, punkt 2 (tilstrekkeleg kunnskap) og punkt 7 (rutinar).

Om krava

- Forureiningslova § 7: Lova fastslår at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining utan at det ligg føre særskilt heimel for det. Når det er fare for forureining i strid med lova, pliktar den ansvarlege å sørgje for tiltak for å hindre at ho inntrer, eller stanse og avgrense verknaden av forureining som alt har skjedd.
- Forureiningslova § 32: Den som produserer næringsavfall, skal sørgje for at avfallet vert levert til lovleg avfallsanlegg eller gjennomgår gjenvinning, slik at det enten sluttar å vere avfall eller kjem til nytte ved å erstatte andre materialar.
- Vilkår 3.7.3 i løyvet: Dette spesifikke vilkåret i verksemda sitt løyve krev at all vidarelevering av avfall skal skje innanfor rammene av forureiningslova (§§ 7 og 32).
- Internkontrollforskrifta § 5: Verksemda pliktar å ha eit system som sikrar at miljøkrava i løyvet og lovverk vert følgde. Punkt 2 krev at alle tilsette skal ha kunnskap og ferdigheiter som set dei i stand til å følgje internkontrollen for ytre miljø i det daglege arbeidet. Punkt 7 slår fast at verksemda skal ha skriftlege rutinar for å sikre etterleving av miljøkrava.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Statsforvaltaren har på tidlegare tilsyn (1. og 2. oktober) avdekka at verksemda i januar 2023 tok imot 402 tonn oljehaldig slam frå Mongstad, sjå tilsynsrapport datert 11. november 2025. Analyser av dette slammet viste eit oljeinnhald (C10-C40) opptil 31 000 mg/kg og sink-verdiar opptil 1000 mg/kg, noko som gjer at massane vert klassifiserte som farleg avfall. Verksemda har ikkje løyve til å ta imot eller behandle farleg avfall.

På tilsynet informerte verksemda om at dette slammet hadde gått inn i produksjon av kompost. Då komposteringsprosessen ved anlegget tek om lag 9 månader, vurderer Statsforvaltaren det som overvegande sannsynleg at massane som inneheldt farleg avfall vart leverte ut i siste del av 2023.

«Månedsrapport kompost 2023» viser at det i siste del av 2023 blant anna vart levert totalt 1000 tonn kompost til Morten Børnes og 1130 tonn til Terje Wergeland. Dette er landbrukseigedommar. Det er også synleg på flyfoto at det nyleg hadde vorte tilført massar her. For å verifisere at massane var leverte ut til desse områda drog vi under tilsynet til desse eigedommane.

Under tilsynet kom det fram at desse bøndene hadde motteke komposten gratis (vederlagsfritt) fordi verksemda ikkje hadde fått omsetnad på han i marknaden. Vi fekk opplyst at komposten blei levert ut utan at det følgde med varedeklarasjon. Komposten var heller ikkje prøvetatt.

At verksemda vel å levere ut store mengder massar gratis for å tømme lageret, utan at det ligg føre dokumentasjon på at produktet tilfredsstiller kvalitetskrava i gjødselvareforskrifta, er eit moment som kan tale for at massane i realiteten har vorte handterte som overflødige og dermed som avfall etter forureiningslova § 27.

Ei slik vederlagsfri utlevering av massar utan prøvetaking dreg i retning av at disponeringa må vurderast etter pliktene for handtering av næringsavfall i forureiningslova § 32, snarare enn som ordinær omsetnad av eit ferdig gjødselprodukt.

Statsforvaltaren ser alvorleg på at massar som inneheld konsentrasjonar av forureining langt over grensene for farleg avfall er blanda inn i komposteringa og har vorte levert ut som kompost til bønder og som jordblanding. Manglande prøvetaking og dokumentasjon gjer at det i dag er vanskeleg å fastslå kor massane er levert. Utlevering og spreiing av desse massane utgjer ein reell fare for forureining og er i strid med forureiningslova § 7.

Sjølv om komposten hadde vært rein, vurderer Statsforvaltaren at mengdene som er tilført er for store og at arealet komposten er tilført ikkje er godkjent for mottak av dette. Videre observerte vi at eit av områda der massane er disponerte, framstår som ei myr som har blitt drenert. Det er ikkje gjort skriftlege avklaringar etter plan- og bygningslova eller jordlova til dette.

Vedtak 1: Pålegg om opplysningar

Statsforvaltaren pålegg Norva24 Vest AS avd Sløvåg å sende inn opplysningar:

- Fullstendig oversikt over alle kundar og mottakarar som har fått levert ut kompostprodukt (Park-mix, hagejord eller kompost) i perioden frå og med september 2023 til og med desember 2023.

- Produksjonslogg eller oversikt som syner kva for batchar eller kompostranker dei 402 tonna med oljehaldig slam frå Mongstad (motteke i januar 2023) vart blanda inn i.
- Ei utgreiing på kva kundar og mottakarar som kan ha fått kompostprodukt med innhald av oljehaldig slam frå Mongstad.
- Dokumentasjon på nøyaktig leveringsstad for kvar enkelt leveranse i den aktuelle perioden, spesifisert med gards- og bruksnummer (gnr/bnr) eller kartkoordinatar.
- Kopi av alle analyserapportar og varedeklarasjonar for kompostprodukt som vart utleverte i siste halvdel av 2023.
- Underliggjande transportdokumentasjon (vegesetlar og fraktbrev) som stadfestar mengdene som er leverte ut til dei ulike lokasjonane

Opplysningane skal sendast skriftleg til Statsforvaltaren skriftleg.

Frist: 15. mai 2026.

Vedtaket er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Statsforvaltaren si vurdering
Tilsynet har avdekka at verksemda manglar ein samla journal over kvalitet på avfall og kvar massane vert leverte ut. I januar 2023 tok verksemda imot oljehaldig slam frå Mongstad med oljeinnhald på opptil 31 000 mg/kg, rekna som farleg avfall, som anlegget ikkje har løyve til å behandle. Då komposteringsprosessen tek om lag 9 månader, er det sannsynleg at dette avfallet vart levert ut til kundar i siste del av 2023. Opplysningane er naudsynte for at Statsforvaltaren skal kunne føre tilsyn med om krava i forureiningslova er brotne.

De har rett til å klage
De kan klage på dette vedtaket. Klageretten følgjer av forvaltningslova § 14, jf. kapittel VI. Ein eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren innan tre dagar etter at de fekk dette vedtaket. Klaga kan vere skriftleg eller munnleg.

Ein klage har ikkje oppsetjande verknad. Pålegget skal oppfyllast innan fastsett frist, med mindre Statsforvaltaren bestemmer noko anna.

Varsel om tvangsmulkt for innsending av opplysningar
Vi varslar at vi vil vedta tvangsmulkt, jamfør forureiningslova § 73, for å sikre gjennomføring av følgjande innan 15. mai 2026:

- Innsending av opplysningar knytt til Vedtak 1: Pålegg om opplysningar

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på kr 50 000 – 100 000 kr.

Storleiken på tvangsmulkta er sett ut frå ei vurdering av kor viktig det er å få desse opplysningane og kva det vil koste å innhente dei.

Statsforvaltaren si vurdering
Det er i denne saka kritisk å få oversikt over kvar dei potensielt forureina massane har hamna for å kunne vurdere skade på ytre miljø og helse. Tvangsmulkt er eit verkemiddel som skal gje dykk eit økonomisk motiv for å etterleve pålegget innan fristen. Manglande dokumentasjon gjer at faren for forureining er uavklara, og tvangsmulkt vert difor varsla for å sikre rask framdrift.

De kan gi tilbakemelding på varselet
De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren innan to veker, seinast innan 10. april 2026.

Varsel om pålegg om undersøkingar
Statsforvaltaren varslar at vi vil pålegge Norva24 Vest AS avd Sløvåg å gjennomføre undersøkingar.

Statsforvaltaren varslar med dette at vi vil påleggje Norva24 Vest AS avd Sløvåg å gjennomføre og bekoste tekniske undersøkingar på alle lokasjonar der det er levert ut kompost eller jordblandingar i perioden september–desember 2023.

Vi vil ha skriftleg tilbakemelding med resultata av undersøkinga innan 11. desember 2026.

Vedtaket vil bli gitt med heimel i forureiningslova § 51.

Omfang av undersøkingane
Undersøkingane skal omfatte alle mottakarar som er førte opp i «Månedsrapport kompost 2023» for utleveringar i andre halvdel av året, med særleg vekt på følgjande kundar og område:

1. Landbruksareal (Bønder):
   i. Morten Børnes: Lokalitetar som har teke imot delar av dei 1000 tonna levert i 2023.
   ii. Terje Wergeland: Lokalitetar som har teke imot delar av dei 1130 tonna levert i 2023.
   iii [redacted]
2. Profesjonelle kundar:
   i [redacted]
   ii [redacted]
   iii [redacted]

Krav til undersøkingane og analysane
Undersøkingane skal utførast av uavhengig fagkunnig personell og skal som eit minimum innehalde:

- Representativ prøvetaking av jordsmonn/massar på kvar enkelt lokasjon.
- Analyse for oljeinnhald (THC/C10-C40): For å avklare om massane inneheld restforureining frå dei 402 tonna med farleg avfall frå Mongstad som vart teke imot i januar 2023.
- Analyse for tungmetallar (særleg sink): Det skal analyserast for sink, då tidlegare prøver av ferdig kompost har vist verdiar som overskrid grenseverdiane i gjødselvareforskrifta.
- Vurdering av spreiingsfare og risiko: Ein sakkunnig rapport som vurderer om forureininga utgjer ein fare for helse eller ytre miljø på dei aktuelle areala

Statsforvaltaren si vurdering
Bakgrunnen for varselet er at verksemda i januar 2023 tok imot 402 tonn bioslam frå Mongstad med eit oljeinnhald på opptil 31 000 mg/kg. Dette er å rekne som farleg avfall, og verksemda har ikkje

løyve til å behandle slike massar. Då komposteringsprosessen tek om lag 9 månader, er det ein høg sannsynlegheit for at dette avfallet vart utlevert som ferdig produkt i siste del av 2023. Sidan verksemda ikkje har teke representative prøver av ferdigvaren i denne perioden, er det naudsynt med undersøkingar på mottaksstadene.

De kan gi tilbakemelding på varselet
De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren innan 15. mai 2026.

Varsel om gebyr
Statsforvaltaren varslar at Norva24 Vest AS avd Sløvåg må betale gebyr for tilsynet. På bakgrunn av venta ressursbruk tek vi sikte på å vedta eit gebyr på 53 800 kr. Dette tilsvarer sats 1 for tilsyn av inntil en dags varighet. Vedtaket vil bli gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få eit nytt brev med vedtak om gebyr.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet. Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De kan gi tilbakemelding på varselet
De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren innan to veker.

Del 3: Informasjon om tilsynet
Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn. Tilsynet var gjennomført som oppfølging av funn i samband med tidlegare tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:
- Åsmund Skancke Karlsnes
- Kristin Espeset

Kontaktperson hos verksemda:
- Kenneth Birkeland

Anlegg
Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:
- Norva24 Vest - komposteringsanlegg Stongneset, Sløvåg

Tema
Følgjande tema vart kontrollerte:
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall

Regelverk
Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Dokumentasjon på mottak og levering av slam for 2023
- Analyserapport av bioslam frå Mongstad

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

I samband med tilsynet drog vi ut til ein landbrukseigedom på Ånneland i Gulen kommune kor det er deponert store mengder biorest. Det er fleire aktørar involverte i levering og mottak av bioresten. Dette blir følgt opp som eiga sak (saksnummer: 2026/2283).

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Åsmund Skancke Karlsnes
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent